

Informasjon om konfirmantleiren 2025

Velkommen på leir!

Kvart år reiser konfirmantane i Ørsta kommune på leir saman. Leiren er ein viktig del av konfirmantåret, og vi håper også at det vert nokre dagar som konfirmantane kan sjå tilbake på med glede. På leir legg vi opp til både undervisning, valfrie aktivitetar og tid til å vere saman med venner. Vi et i lag og søv i lag, og håper på denne måten at leiren vert ei god erfaring av fellesskap

Viktige opplysingar om konfirmantleiren 2025

Her kjem viktig informasjon om leiren. Les dette godt, gjerne saman med konfirmanten din! Det er viktig med ei felles forståing av rammer, reglar og opplegg for leiren, slik at det vert ei god oppleving. Ta kontakt med oss om de har spørsmål.

Tidspunkt og stad for leir

Ørsta A og Hjørundfjord reiser på leir frå laurdag 15.februar til mandag 17.februar.

Ørsta B og Vartdal reiser på leir frå mandag 17.februar til onsdag 19.februar.

Begge leirane har oppmøte på **Sunnmøre folkehøgskule (SUFH) i Ulsteinvik kl 16.30.**

Konfirmantane må sjølve kome seg dit. Avtal gjerne samkøyring med andre føresette. Begge leirane vert avslutta **kl. 15.00**, og konfirmantane må hentast på Sunnmøre folkehøgskule.

Tilrettelegging/særlege behov

Det er viktig at vi veit om den enkelte konfirmant sine særskilte behov. Ta kontakt med oss i god tid før leiren med slik informasjon.

Er det andre behov for tilrettelegging eller anna vi bør vite om, så meld frå snarast. Dette gjeld også behov/omsyn knytt til overnatting. Vi ynskjer at alle skal få ein så god leir som mogleg.

Om ein konfirmant vert henta på leir, må ein leiar få melding om dette frå føresett.

Kva skal konfirmantane ha med på leir?

Sovepose og laken. Pute om du vil ha det.

Toalettsaker og handkle

Varme og gode utekle

Innesko og/eller tøfler

Klede du kan vere i aktivitet i/treningsklede

Skrivesaker


Drikkeflaske

(Kva ein ikkje skal ha med: Energidrikk, nettbrett/spel og liknande)

Nattevakter

For å gjennomføre konfirmantleir, er vi avhengige av at føresette kan stille som nattevakter. Dette gir ein trygg leir for konfirmantane.

På kvar leir treng vi vakne nattvakter begge nettene. Vi har delt natta i to, frå kl. **2300-0345** og frå **0330-0815**. Kvar av desse vaktperiodene treng vi **4 vakne nattevakter!** Det er sjølvsagt høve til å melde at ein kan vere vakt gjennom heile natta. Scan QR-kode for din leir under og meld frå i skjemaet om du kan vere nattevakt. Du kan også melde frå på e-post til **caroline.sefu@orsta.kyrkja.no**



<https://forms.office.com/r/qMsfwQuc3t>

<https://forms.office.com/r/j7z6Knr4Bc>

Valfrie aktivitetar

Vi trur at kjekke fellesaktivitetar er viktig, og legg difor opp til at konfirmantane sjølve kan velje kva for ein aktivitet dei vil vere med på. **Vi registerer dette når ein kjem til leiren, og det er difor viktig at ein har bestemt seg for kva ein vil vere med på før ein kjem på leir!** Konfirmantane kan velje to av desse aktivitetane, ein på første leirdag og ein på andre leirdag. Med unntak av musikk, må ein velje to ulike aktivitetar.

Gymsal: idrettsaktivitetar/ballspele i gymsalen på SUFH. Ta med sko/klede til slik aktivitet

Uteleik (berre leirdag 1): Vi kler på oss og går ut og leikar, t.d «boksa går», «15 gjelder» og andre kjekke leikar.

Frisbeegolf (leirdag 2): SUFH har frisbeegolfbane, og på denne aktivitet går vi ei runde der! Ein treng sjølvstekt å ha prøvd frisbeegolf før!

Baking: Vi bakar noko godt på skulekjøkkenet på SUFH- og så skal vi sjølvstekt ete det vi bakar også.

Biljard/bordtennis: Lavterskel-«turneringar» i biljard og bordtennis + tid til å henge i lag.

Brettspel: Vi spelar brettspel og slappar av i lag

Dans: For deg som likar å danse! SUFH har eigen dansesal som vi får bruke.

Musikk: For deg som likar å synge eller spele eit instrument. Ta gjerne med eige instrument! **Dei som vel denne aktiviteten, har den begge dagane.**

Gruppeinndeling på leir

I løpet av leiren vil konfirmantane vere noko av tida i **dei faste gruppene** frå konfirmantundervisninga, noko av tida saman med **dei som vel same aktivitet** og mykje av tida kan ein vere saman med **dei ein ønskjer**. Under måltid sit ein i den faste gruppa. Gutane og jentene har kvar sin sovesal, og etter leggetid skal ein vere på sin eigen sovesal.

Kva med mobilane?

Vi tenker at leiren vert kjekkast og tryggast om alle er mest mogleg til stades der det skjer, og har difor **delvis mobilfri leir**. Konfirmantane skal mellom anna **ikkje ha mobilen om natta**. Det vil vere periodar i løpet av dagen der ein kan bruke mobil. Føresette kan alltid nå sin konfirmant ved å ta kontakt med ein av leiarane. (Sjå telefonnummer nedst i skrevet) Ved særlege behov, ber vi om at føresette gjer avtalar med oss.

Sponsorløp

Dei siste åra har konfirmantane i Ørsta delteke i «sponsorløp» på konfirmantleir. Her skaffar konfirmantane sponsorar gjennom ein felles SMS som blir sendt ut. Konfirmantane spring så eit løp, og etter løpet blir pengane samla inn. Det som kjem inn går til kyrkjelydane sine misjonsprosjekt, og på denne måten er konfirmantane med på å gjere noko heilt konkret for born og unge i Thailand, Ecuador og Nepal. Sponsorløpet er ikkje ei idrettskonkurrans, og det er stor valfridom til korleis ein vil delta: Nokre vil springe fort og langt, andre kler seg ut, kryp, går baklengs eller finn på andre ting.

Leirkiosk

Nokre gongar i løpet av leiren opnar vi leirkiosken. Dette vert etter måltid. Her kan ein kjøpe brus, snacks og snop. Betaling i kiosken med Vipps.

Program for leiren

Det kan verte mindre endringar i programmet.

Dag 1	
Kl	Program
16:30	Konfirmantane kjem til SUFH, registrering og innkvartering
17:10	Infomøte og leiropning i Amfiet
18:00	Aktivitetstid I (konfirmanten vel aktivitet når ein kjem til leiren, les meir under)
19:00	Varm kveldsmat
19:30	Kiosk, fritid
20:00	Undervisning: «Ver noko for andre!»
21:15	Leirkor
22:15	Kveldscup i volleyball
23:00	Nattevakter kjem
23:15	Kveldsavslutning i kapellet
00:00	Ro – God natt

Dag 2	
Kl	Program
08:00	Vekking
08:30	Frukost (smør matpakke til seinare)
09:15	Undervisning i Amfiet: Kropp og seksualitet
10:30	Sponsorløp ute eller inne (les meir under!) Høve til å dusje etter løpet om ein vil
12:00	Matpakkелunsj
13:00	Undervisning i Amfiet: Korleis skal vi leve?
14:00	Kor
14:45	Fritid
15:30	Middag + kiosk og fritid etter middag
17:00	Aktivitetstid II
18:15	Film i amfiet
20:30	Kveldsmat
21:15	Kveldscup i kanonball
22:30	Kveldssamling
23:00	Nattevakter kjem
00:00	Ro – God natt

Dag 3	
Kl	Program
08:30	Vekking
09:00	Frukost
09:30	Vegen vidare: Kva er min veg?
11.00	Rydding, klargjering til gudsteneste

12:00	Lunsj
12:45	Cupfinale
13:30	Leirgudsteneste (føresette kan gjerne kome til denne, om ein ønskjer!)
14:30	Rydding etter gudstenesta
15:00	Konfirmantane vert henta

Kontakt oss!

Målet vårt er sjølvsagt ein kjekk leir for alle. Kvart år er det nokre som gleder seg og nokre som guarar seg til leir, og for mange er det kanskje uvant å skulle sove borte. Ta kontakt med oss om det er noko!

Vi minner også om nettsida vår, der du finn informasjon om konfirmantåret:

www.kyrkja.no/konfirmantiørsta2025

Caroline Sefu: 474 60 321

Kristian Myklebust: 905 95 410

Arne Moltubak: 906 74 947

Espen Aarseth: 913 94 268

Venleg helsing

Den norske kyrkja i Ørsta